



**I fjor var deltakinga i Kvinnheradløpet på eit lavmål med 24 i konkurranseklassa. Av dei var 2 som bur i Uskedalen og 2 som er utflytt frå bygda. Stiller fleire opp i løpet i år, som vert avvikla førstkommande sundag? Leiinga med Morten Nygård i spissen håpar på det og har satsa på eitpar gulerøtter: Pengepremiar på 2000, 1000 og 500 til dei 3 beste menn og kvinner og reduksjon av løypelengda frå 9,2 til 5,2 kilometer. Elevane gjennomfører løpet allereie fredag og Uskedalen skule stillar med 3 klassar - 5, 6 og 7! Her går starten klokka 12**

I turklassa har deltakinga vore ganske stabil opp gjennom åra, med eit snitt på 562 dei siste 10 åra. 120 kan i år få merke, anten for 10, 20 eller 30 års deltaking. Ein uskedeling, Knut Stensletten, er den einaste som har gjennomført løpet 30 gonger. Han har sløyfa berre 2000 og 2007.

Over går starten i konkurranseklassa i fjor og under går uskedelingen Lars Haugland i mål. Bak han kjem vinnaren av kvinneklassa Sissel Bjørke, som hadde berre ein konkurrent.

Det blir vel fleire i år?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

